

Tur til Bosnia-Hercegovina og Kroatia 2. – 6. mai 2026

Dag 1: Kvinesdal – Mostar

På årets langtur med Kvinesdal Historielag var vi 38 deltakere + reiseledere Vidar Abrahamsen fra OK Reiser, som arrangerte turen i samarbeid med styret i Kvinesdal Historielag. Vi startet grytidlig lørdag 2. mai med buss fra Liknes til Sola. Så gikk turen videre med fly til Split, Kroatia.

Første stopp var på en fin olivengård, *Stella Croatica*. Her fikk vi omvisning, vandret i en liten botanisk hage, og fikk servert en nydelig lunsj.

Så gikk turen videre og over grensa til Bosnia-Hercegovina, der vi kjørte langs elva Neretva, som er elva som renn gjennom Mostar.



Utanfor restaurant Del Rio i Mostar, der vi hadde middag begge kveldene.



Ved Stella Croatica

Utpå ettermiddagen sjekket vi inn på hotell Mepas, der vi overnatta de to første nettene.

Dag 2: Mostar og Blagaj Tekija

Dagen starta med ein historisk byvandring i Mostar med vår dyktige guide Elma. Høgdepunktet var den kjente broa Stari Most, både syne av den, og historia om den.

Nokre av oss fekk kjøpt oss tradisjonelle sjal, og elles suvenirar av alle slag. Varer er nokså rimelege i Bosnia-Hercegovina.

Lunsj denne dagen var utandørs med nydeleg utsikt over elva og brua. Det var varmt og godt og strålande sol heile dagen.



Stari Most



Utsikt mot frå lunsjbordet

Etter lunsj og litt fritid, tok vi buss til Blagaj Tekija, et kloster frå 1500-talet, som ligger idyllisk til ved elva Buna.



Her kjem den underjordiske elva Buna opp til overflata, like ved klosteret.

Dag 3: Kravice-fossene, Begic Winery og Makarska

Vi sjekka ut frå hotellet i Mostar og bussen tok oss til Kravice-fossane. Ein nydeleg stad! Mange kjøpte seg ein is, og vassa i det kalde friske vatnet.

Så gjekk turen vidare til Begic Boutique Winery, ein familieeigd vingård, der vi blei tekne særst godt i mot. Dei grilla kjøt til alle 39 gjestane, og me fekk smake på fleire av vinane dei lager.



Det blei også tid til omvisning i vinkjellaren. Det var ein svært idyllisk stad!

Etter dette køyrde vi over grensa til Kroatia. Det tek ei god stund med grensekontrollen her, både ut av dei eine landet og inn i det andre. Vi stoppa i den vakre havnebyen Makarska, der vi kom midt oppi 90-årsjubileet for det lokale friviljuge brannvesenet! Parade med både brannmenn og brannbilar (mykje lyd!)



Dag 4: Podstrana, Trogir og Split



Utsikt frå hotellrommet!

Dei to neste nettene overnatta vi i Podstrana, på Hotel Aria, som ligger vakkert til ved Adriaterhavet, eit stykke sør for Split.

Då vi kom dit på mandagskvelden var det fleire av oss som tok ein dukkert, før middag utandørs ved stranda.



Blide damer!



Ei trong gate i Trogir



Split

Denne dagen var vi fyrst i Trogir, ein vakker middelhavsby som ligger på Unescos verdsarvliste. Etterpå dro vi til Split, der vi også hadde lunsj denne dagen. Middag på hotellet i Podstrana begge kveldane.

Dag 5: Heimreisedagen



Heile gruppa samla på stranda i Podstrana.

Heimreisa tok heile dagen, sidan me måtte mellomlande nokre timar på Kastrup i København, før flyturen til Sola. Der stod bussen og venta på oss og tok oss trygt heim til Kvinesdal (nokre gjekk av på Moi, Sira og Flekkefjord).

Det var ein sær sars vellukka tur, og vi gir ein stor takk til reiseleder Vidar Abrahamsen frå OK Reiser, som tok oss trygt gjennom alle reiseetappar og opplevingar undervegs. Takk for turen!